

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lindås

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Indre-Nordhordland

Oppskr. av: Martin Toft

Gard: Toft

(adresse): Askelandsvåg

G.nr. 18

Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1) Ein nytta helst namnet heimebøen (heimabødn) om den del av garden som låg innanfor bøgjerdet og markaslåttene eller berre markjæ om utslåttene.

På bruket her hadde me 2 åkrar med ekranamnet, Almækra og Gardsækra. Dette namnet vart altså nytta om åkrar. Attlega vart nytta om åkrar som var lagde om til eng. Tjukkaste engjæ eller beste bødn, kunne dei gamle seia, når me unganettra kka i graset. Om finare høy nytta dei namnet engje-høy, medan det stod ute tøgrras. Dårlegare høy vart kalla skraphøy etter namnet på slåtte-teigar med stutt hardt gras som ein kalla skrapslått. Høy frå utslåttene kalla ein markahøy. Dei nytta alltid stutturv i markeslåttene og mest alltid på heimebøen og. No skil dei mellom langorvslåtta og stutturvslåtta. Namnet på slåttene var etter utsjånaden -skapet - på (Hjeidlane) (Øyddane) terrenget t.d. Hjellane, Berget, Tødna, Oddane o.s.b.

2) Rydjing.

Ein hogde bort kratskogen om vinteren og tok det heim til brenneved. Om våren vart kvister og lauv raka saman med rive. Det kalla ein å rydja, og dungane ein samla saman kalla ein rydjingadungar. Desse dungane vart vart oftast i store kiper heimborne til brenne.



2.

Det vart gjort lite å få bort stor stein, men steinar ~~steinar~~ ein kunne bera, rulla eller rå med, bar ei saman i større eller mindre røyser i utslåttene, på bøen la ein oftaste steinen ein tok or bøen opp i større og mindre forstyttingsmurar - men også i røyser.

### 3) Mosevaksen eng.

Ein veit ikkje noko om at dei gjorde noko for å få bort mosen. Dei nytta heimeavla "høyfrø" til å så i åkrar som vart attlagde.

### 4) Myr og vass-sjuk eng.

Her er lagt ned eit stort arbeid i gamal tid med å leggja ned holveiter - serleg i åkrane. Då her er lite myr, men brattlendt - var det serleg for små bekker og vass-sig, veitene vart lagde. Desse grøftene ein ofte <sup>vissle</sup> ikkjeom før ein tok til å pløgja åkrane. Då låg desse grøftene så grunt at ein ofte reiv opp holveitesteinar med plogen. Då havren veks godt her, hadde folk etter måten mykje åker. Det beste av bøen var oppteken til åker. Dei hadde ikkje råd å setja poteter i den gamle kornåkeren. Til potetene rudde dei etter kvart dyrkinga vakk fram, små åkrar - potegjære - rundt om på bøen. Det kunne vera over ~~sliksgjærak~~ 100 slike poteteåkrar på dei fleste bruk. Dei vart ofte laga ved at dei bar mold og torv saman <sup>på</sup> knausar og grunnlendte stader, sette ofte ein forstyttingsmur ned under  $\ominus$  om det var bratt. Desse små-åkrane lika dei og av di det vart mykje gras i åkre-reinene og litt tøm <sup>det</sup> vart <sup>det</sup> gjerne og ned over skrapbækka nedan for.

### 5) Gjødsling.



Gjødningen gjekk for det meste til på åkeren. Enga



~~møka~~ vart ~~skx~~ sjeldan gjødsla - utan det kunne vera eit attlegg - om ein hadde råd til det då. Det var ~~5x~~ sauemøka ein nytta på enga, men mesteparten av denne gjekk med til potetene. Denne møka bar dei alltid i kiper då det ofte var på ulendte stader dei skulle nytta ho - samstundes var ho fjelg og lett å handsama.

6) Den eng som år om anna vart gjødsla med vintergødsel kalla dei godbøen (gobødn). Høyet frå slike stader vart kalla bøhøy ( eller og tøg~~ras~~om graset)

7) Det har vore vanleg å setja heimehus og florshus <sup>4</sup> sik at ~~heime~~ bøen kunne få godt av hevda som seig frå tunet eller gjødselstaden. Ein sette difor husa lengst oppe på garden. Tunsiget kalla ein tøm og graset der for tøg~~ras~~. Der tunsiget gjekk, var graset grønar og større enn andre stader. Dette vart kalla grasålar.

8) Dei hadde berre dei reidskapane til møkspreiding som dei nytta til åkerspreiding. Dei laga seg greipar av askestenger som dei kalla kløftæ  Dei laga seg og greiper av seige askeplankar som dei saga tindar ut or: Tregreipe 

Slike minnest ein ikkje har vorte nytta her sidan

1890 åra. Seinare bhar ein berre nytta jerngreiper, til å spreida møka med og treriver å smuldra det med. Der dei ikkje hadde hestar, drog dei gjødningen ut på sledar på vinterføret eller bar han i kiper. Det var på få gardar dei hadde hestar her i bygda.

9) Ein let berre sauene beita på bøen sjeldan storfe. Det same var tilfelle i slåttene. Største grunnen til dette var vel at jorda ikkje var utskift, men teigane til dei ymse brukarar låg omeinannan. Då her på mange



4.

stader er gunnlendt og blaut skrede- og matjord, vart  
vart bøen for mykje opptrakka om ein let storfeet beita.

10) No etter att gardane er utskifte, har folk teke meir  
til med å beita på bøen om haustane.

11) Etter det opplyste er det ikke noko å seia om dette.

12) Dei hadde vårflorar som lå i bøgarden. Der batt dei  
storfeet innatt i den fyrste tida etter-att dei var sl<sup>4</sup>pte  
på beite om våren. Der batt dei det og inn om sumaren og  
hausten når veret var mykje ufjelgt. Dei sette og desse  
gardflorane slik at det var lagleg og høgleg å få gjødning-  
en frå dei fram til dei stadene han skulle nyttast. Dei  
sette dei og slik at dei kunne få siget (tøa) ned over  
bøen. Dei grov ofte opne veiter for å spreida siget.

13) Innhegning vart ikkje nytta

14) Fell bort.

15) Ein har ikkje soger eller segner her frå den tid her  
var udyr. Berre stadnamn på fjellet fortel oss at her har  
vore bjørn t.d. Bjønnekjæret, Bjønnehøvden og Bjønnebrekka.

16) Ingen veit lenger om det. Det same gjeld nr. 17.

18) Ein har ikkje hatt sauefjøs på hjul.

19) Ein har ikkje slike namn her.

20) Dei hadde ikkje sætrar her.

21) Åkrar som låg ned med sjøen vart ofte gjødsla med  
med tang. Ein breidde tanget utover og dekte åkeren med  
det, etter att han var sådd. Silda vart spreidd utover med  
hendene or kipene som dei bar ho på plass i.

~~Det~~ ~~har~~ Ein åker på nabogarden ~~som~~ har namnet Døsa. Kva namnet kjem av er vanskeleg å seia. Vil berre nemna litt om staden der åkeren ligg - kanskje ein ut i frå det kan få ein tokn om tydinga ved å samanlikna opplysningar om dette namnet andre stader frå.

Nedanfor denne åkeren - tett i åkerreina - er det ein bergkult som er mest som ein steinbank, sjovegen går tett forbi. Det gamle tunet tett innåt. Her var alle tun på garden samla i gamle dagar. K vilet kalla dei bergkulten. Her i frå har ein god utsyn ut og inn-etter fjorden, ned over garden og opp etter lidene. Her kvilte dei med høybørene etter att dei hadde vunne opp dei brattaste brekkene, her kvilde dei når dei kom frå fiske, og slo av ein prat med grannane for dei skildest, her sat gamlingen på garden sumardagen og fylgde med kor det lei med slåttonna og her sat dei og såg etter kyrkjebrure- eller likferdsbåtane både når dei for ut-over fjorden eller var heimatt ventande.

Det kunne tenkjast at ordet kjem av å døsa - lett slumer. Kvilet kalla sei altså kvilestaden, men åkeren attmed vert kalla Døsa.



Marlin Toft,  
Hskellandsveg.

T. 5.

Hordaland,  
Lindås.


I samarbeid med  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan  
bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over  
aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret  
hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten  
mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid.  
Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over.  
Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre  
frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har  
vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon  
i Dykkar bygd noko om det? *Nei*



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka  
fiskebein og fiskehovud til brensel? *Nei*

Har ein bruka kumøkk til brensel? *Nei*

I punkt 8 om arbeidsredskap ved gjødsling opplyste  
eg at bequiras og vart kalla kløffe. No har eg fått  
opplyst at denne bequiras <sup>vart kalla</sup> "spårhøve" (hovudet). Dei  
bora hol i nedre skaffenden for lindane som dei  
vanta sjølvvokstne kløffer.

